

Saksbehandlar: Knut Åland, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/1262-8

## **Eid kommune - gbnr. 46/135 - Detaljreguleringsplan for Teletunet, Nordfjordeid.**

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet går til motsegn mot «Detaljreguleringsplan for Teletunet». Endringar av allèn langs Osvegen vil medføre ei vesentleg svekking av eksersisplassen og NB-område som kulturminne av nasjonal interesse.

Som forhandlingsleiar for fylkeskommunen vert vald.....

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Området rundt Osvegen 7, Teletunet, er eit av 4 område i Sogn og Fjordane som er plukka ut til å vere med i Riksantikvaren sitt NB-register. Registeret er ein database over byar og tettstadar i Noreg med kulturhistorisk viktige by- og tettstadmiljø av nasjonal interesse. Den framlagde Detaljreguleringsplanen for Teletunet, med endringar av allèen, vil føre til ei vesentleg svekking av eksersisplassen og NB-område som kulturminne av nasjonal interesse. Statusen til området legg opp til ein aktiv bruk av omsynssoner etter plan- og bygningslova, og opnar for motsegn ved nye reguleringsplaner.

### **2. Bakgrunn for saka**

Føremålet med planen er å legge til rette for ein kombinasjon av bustader og næring. Andre aktuelle føremål vil være køyreveg, fortau, leik, parkering og renovasjon. Planområdet er i underkant av 7000 m<sup>2</sup>. I kommuneplanen sin arealdel er området avsett til bygningar og anlegg. Hensikta med planen er å legge til rette for vidareutvikling og fortetting. Storparten av arealet er i planforslaget lagt ut til Bebyggelse og anlegg.

I nordre del av planområdet er det sett av eit areal for å kunne regulere inn ei forlenging av fortauet langs Osvegen. Denne delen av planområdet er innlemma i NB-området. Ei slik forlenging av fortauet vil fort komme i direkte konflikt med deler av den markerte allèn som går langs vegen. Allèen langs Osvegen markerer og dannar ramma rundt den historiske Eksersisplassen.

Langs Osvegen sør for Teletunet, er det regulert inn ei sone for fri sikt i avkøyrsla mot Osvegen 7. Denne sona vil truleg gjere skade på ein del av alléen langs vegen mot sør. I dag fungerer plassen både som parkområde og som arena for fleire kulturelle aktivitetar. Alléen langs Osvegen skriv seg tilbake til den tyske okkupasjonen av plassen under siste krig. I tida etter 1945 vart det gjennomført øvingar på eksersisplassen fram til avviklinga av den militære aktiviteten her i 1967. Av nyare element på eksersisplassen er krigsminnesmerket «Mor Noreg», laga av kunstnaren Dyre Vaa.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Området rundt Osvegen 7, «Teletunet», er eit av fire områder i Sogn og Fjordane som er plukka ut til å vere med i Riksantikvaren sitt NB-register. Registeret er ein database over byar og tettstadar i Noreg med kulturhistorisk viktige by- og tettstadsmiljø av nasjonal interesse. NB-området syner område der det må takast spesielle omsyn i samband med vidare forvaltning og utvikling. Eksersisplassen, ein del av bygningsmiljøet og arealet like nord for «Teletunet» har status, byområde av nasjonal interesse.

Eksersisplassen på Nordfjordeid vart etablert i 1718 som bataljonssamlingsplass for Nordre Bergenshus Regiment. Eksersisplassen var i bruk fram til 1967, då den militære aktiviteten vart lagt ned. Under andre verdskrig nyttar den tyske okkupasjonsmakta plassen. Det kunne då tidvis vere opp til 1000 soldatar her. Alléane som i dag dannar det stramme parklandskapet er etablert av den tyske okkupasjonsmakta. Etter at den militære aktiviteten vart lagt ned, vart området overteke av Eid kommune og utvikla som eit parkområde. Området er i dag nytta til større kulturelle aktivitetar og er gjerne mest kjent for Mallakoff Rokkefestival og spelestykket Elskhug og Eksis.

Arealet til Osvegen 7 Teletunet, er ikkje innlemma i NB-registeret men er likevel ein del av den gamle eksersisplassen. Alléen langs Osvegen er her det siste som kan tilbakeskrivast til eksersisplassen. I vestre del av planområdet er det sett av eit areal for å regulere inn ei forlenging av fortauet som går langs Osvegen. Ei slik forlenging av fortauet vil komme i direkte konflikt med den markerte allèn langs vegen. Alléen langs Osvegen både markerer og dannar ramma rundt den historiske eksersisplassen. Plassen fungerer både som parkområde og som arena for fleire kulturelle aktivitetar. Ei endring eller skipling av alléen vil føre til ei vesentleg svekking av eksersisplassen og NB- området som kulturminne.

Ut i frå ei kulturminnefagleg vurdering vil fylkesrådmannen tilrå at ei forlenging av fortauet vert trekt ut av planen. Fortau langs Osvegen bør vente inntil det kan gjerast ei samla vurdering av både Osvegen og areala på begge sider av vegen. Fylkesrådmannen vil i tillegg tilrå at alléen langs Osvegen 7, forbi «Teletunet», vert regulert med omsynssone bevaring av kulturmiljø og med høvelege føresegner.

I plandokumenta til Eid kommune er det konkludert med at deler av alléen må fjernast. Kommune ved rådmannen meiner det er uheldig for karakteren i området at trea berre vert fjerna utan at dei vert erstatta. Rådmannen tilrår at det vert sett av ei stripe på 2 meter mellom fortauet og utbyggingsområdet for å kunne plante ein ny allè.

Heile alléen langs Osvegen utgjer ei samla lengde på omlag 210 meter. Dei fleste av trea her er planta i krigsåra 1940-45. Trea er dermed over 70 år gamle. Det å plante og få opp ein ny og tilsvarande allé langs Osvegen vil ta lang tid. Ved å trekkje inn trekkja ved Teletunet, vil heller ikkje alléen få den langstrakte og massive innramminga av park- og NB-området den har i dag. Fylkesrådmannen ser på fjerning av alléen langs Osvegen som ei vesentleg svekking av dei kulturhistoriske verdiane som i dag er knytt til eksersisplassen og NB-området.

### **4. Konklusjon**

Alléen langs Osvegen utgjer ein viktig del av innramminga til eksersisplassen og NB-området på Nordfjordeid. Eksersisplassen og alléen er eit kulturminne av nasjonal interesse. Fylkesrådmannen vurderer endringar av alléen langs Osvegen som ei vesentleg svekking både av eksersisplassen og NB-område som kulturminne av nasjonal interesse.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑